



Møteinnkalling

| | |
|------------------|---------------------------------|
| Utval: | Bømlo kommune, Kontrollutvalet |
| Møtestad: | Bømlo rådhus, Formannskapssalen |
| Dato: | 10.02.2022 |
| Tid: | 10:00 |

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Ragnhild Ravna Skjærvik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|--------------------------|---|-------------------------|--------------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 1/22 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 2/22 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021 | 033 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 1/22 | Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - handlingsplan | 217 | |
| PS 2/22 | Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - oppfølging av handlingsplan | 217 | |
| PS 3/22 | Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør | 219 | |
| PS 4/22 | Val av meddommarar for kommunen - er dei valbare - orientering frå ordførar og kommunedirektør | 219 | |
| PS 5/22 | Bømlo kommunale eigedomsselskap AS - to spørsmål - orientering frå kommunedirektør | 219 | |
| PS 6/22 | Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen | 033 | |
| PS 7/22 | Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - prosjektplan | 217 | |
| PS 8/22 | Årsmelding 2021 for kontrollutvalet | 033 | |
| PS 9/22 | Møteplan 2022 for kontrollutvalet | 033 | |
| PS 10/22 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval | 033 | |
| PS 11/22 | Eventuelt | 033 | |
| | Referat saker | | |
| RS 1/22 | FKT - medlemsinformasjon desember 2021 | 073 | |

GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/68-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 2/22 | 10.02.2022 |

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021 er lagt med som vedlegg i saka.



Møteprotokoll

| | |
|------------------|---------------------------------|
| Utval: | Kontrollutvalet |
| Møtestad: | Formannskapssalen, Bømlo rådhus |
| Dato: | 02.12.2021 |
| Tid: | 10:00 - 12:00 |

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|----------|---------------|
| Ragnhild Ravna Skjærvik | Leiar | AP |
| Silje Sivertsen | Medlem | V |
| Anfinn G. Tolås | Medlem | KRF |
| Arne Zahl Røksund | Medlem | SV |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------|-----------|---------------|
| Vegard Enerstvedt | Nestleiar | H |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader

Vegard Enerstvedt hadde meldt forfall til møte. Varamedlemmane kunne ikkje møte.

Andre som møtte:

| Namn | Stilling |
|---------------------|--|
| Sammy Olsen | Ordførar |
| Kjell Aga Gjøsæter | Kommunedirektør |
| Else Holst-Larsen | Rekneskapsrevisor, Deloitte AS (via Teams) |
| Kjersti Gjuvsland | Forvaltningsrevisor, Deloitte AS |
| Helge Inge Johansen | Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune |

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|--------------------------|---|-----------------|-------|
| Godkjenningssaker | | | |
| GK 9/21 GK 10/21 | Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2021 | 2019/108 | |
| Politiske saker | | | |
| PS 39/21 | Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan | 2019/36 | |
| PS 40/21 | Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet | 2020/61 | |
| PS 41/21 | Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen | 2020/188 | |
| PS 42/21 | Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon av Karmsund Havn IKS og eierforhold til kommunale havner og kaianlegg | 2018/9 | |
| PS 43/21 | Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll | 2019/110 | |
| PS 44/21 | Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2021 | 2019/119 | |
| PS 45/21 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval | 2019/112 | |
| PS 46/21 | Eventuelt | 2020/60 | |
| Referatsaker | | | |
| RS 10/21 | FKT - Medlemsinformasjon september 2021 | 2019/26 | |
| RS 11/21 | Kontrollutvalgets uttalelse til årsrekneskapet og årsberetningen 10. -11. januar 2022 (webseminar) | 2019/26 | |
| RS 12/21 | Årsmelding mobbeombod 2020-2021 i VLFK | 2020/61 | |
| RS 13/21 | NKRF Kontrollutvalgskonferanse 2022 | 2020/200 | |

Godkjenningssaker

GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2021

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 29.09.2021.

Vedtak

Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 29.09.2021 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 39/21 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll, men at det framleis står att litt arbeid
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i kontrollutvalet i 2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kommunedirektør orienterte kort om saka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll, men at det framleis står att litt arbeid

2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltingsrevisjonen til møte i kontrollutvalet 10.02.2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan 20.01.2022.

PS 40/21 Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kommunedirektør orienterte gjeldande manglande opplysningar for kontrollutvalet på nettsida til kommune og svarte på spørsmål.

Kontrollutvalet ber om at dette kjem på plass:

- Telefonnummer til leiar av kontrollutvalet
- At sakene for kontrollutvalet vert lagt inn under «Politiske saker og sakslister» og under «Politisk organisering».
- At innkalling og protokoller ligg tilbake i tid slik det kjem fram av dei andre politiske utvala.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om ny orientering i saka til møte i kontrollutvalet 10.02.2021 slik det kjem fram av punkta ovanfor.

PS 41/21 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om dette:

- Politisk aktivitet og status saker til adm som er kvittert ut
- Sjukefråvær
- Skatteinngang
- Rekneskapsprognose
- Corana - situasjonen og vaksineringsprogram
- Ny industrihamn på Bømlo
- Institusjonsplasser
- Mottak av flyktningar
- Samlokalisering av legene

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 42/21 Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon av Karmsund Havn IKS og eierforhold til kommunale havner og kaianlegg

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ønskjer ikkje å delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karsund Havn IKS og eigarforholda til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandatet frå Rogaland Revisjon IKS.

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko anna i denne saka enn det som kjem fram av saksframlegget og vedlegg til saka.

Kontrollutvalet var einig i at ein ikkje ønskjer å delta i felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eierforhold til kommunale havner og kaianlegg.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet ønskjer ikkje å delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karsund Havn IKS og eigarforholda til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandatet frå Rogaland Revisjon IKS.

PS 43/21 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2022.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i første møte i 2022.

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet diskuterte aktuelle prosjekt etter overordna plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2022.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 10.02.2022.

PS 44/21 Deloitte presenterer interimsrevisjonsrapport 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2021 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor og partner i Deloitte AS presenterte resultatet etter interimsrevisjonen for kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjonen 2021 frå Deloitte AS til orientering.

PS 45/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

PS 46/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Spørsmål til kommunedirektøren gjeldande Bømlo kommunale eigendomsselskap AS

Utvalseiar orienterte om ei henvending gjeldande to forhold som kontrollutvalet ønskjer

svar på:

- Ingen kvinner på varalista til styret i selskapet. Er det i henhold til lova?
- Christine Schei Alfredsen er avdelingsleder for tveit regnskap som fører regnskap for selskapet. Er ho lovleg vald styrerepresentant da?

Første møte i kontrollutvalet i 2022

Kontrollutvalet vart einig om at førte møte i kontrollutvalet vert 10.02.2022.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om ei orientering gjeldande Bømlo kommunale eigendomsselskap AS slik det kjem fram ovanfor.
2. Kontrollutvalet skal ha møte 10.02.2022.

Referatsaker

RS 10/21 FKT - Medlemsinformasjon september 2021

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 11/21 Kontrollutvalgets uttalelse til årsrekneskapet og årsberetningen 10. -11. januar 2022 (webseminar)

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 12/21 Årsmelding mobbeombod 2020-2021 i VLFK

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 13/21 NKRF Kontrollutvalgskonferanse 2022

Saksprotokoll 02.12.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/55-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 1/22 | 10.02.2022 |

Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon gjeldande styring av investeringsprosjekt.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 19.05.2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet tre veker før møtedato (28.04.2022).

Samandrag

Kommunestyret vedtok innstillinga frå kontrollutvalet og administrasjonen har satt i gang eit forbetningsarbeid etter revisjonsrapporten. Dette er første tilbakemelding på handlingsplanen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei ny orientering på handlingsplanen til maimøtet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 01.11.2021 (PS 101/2021):

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å:

1. Sørge for at relevante styrande dokument til å reflektere gjeldande organisering, ansvar og oppgåvefordeling i investeringsprosjekt vert oppdatert
2. Sørge for at etablert praksis vert skriftleggjort og utarbeide rutinar for vurdering av behov for å innhente ekstern kompetanse i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt
3. Sørge for at det vert tydeleggjort korleis rapportering i investeringsprosjekt skal innrettast, under dette konkretisere kva forhold og hendingar i prosjektet det skal rapporterast om, samt korleis og når rapporteringa skal utførast.
4. Sørge for at det vert utarbeidd skriftlege rutinar for sentrale arbeidsoppgåver og aktivitetar knytt til planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, under dette rutinar for:
 - a) utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for val av investeringsprosjekt som også omfattar vurdering/analyse av usikkerheit og risiko i prosjekt,
 - b) kvalitetssikring av avgjerdsgrunnlag for val av investeringsprosjekt,
 - c) å definere skriftlege mål for investeringsprosjekt
 - d) gjennomføring av risikovurderingar i investeringsprosjekt knytt til mellom anna kvalitet, framdrift og økonomi,
 - e) utarbeiding av kvalitetsplanar
 - f) utarbeiding av kontraktsstrategi og gjennomføring av risikovurderingar knytt til val av entreprisform,
 - g) kvalitetssikring av anbudsgrunnlag og kravspesifikasjon i anbuds konkurransar,
 - h) kontraktsoppfølging,
 - i) økonomistyring, og
 - j) handtering av endringsmeldingar
5. Sørge for at rutinar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt blir nytta i alle prosjekt i samsvar med intensjonen.
6. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet innan 1.februar, om korleis vedtaka vert fullt opp, når tiltaka vert sett i verk og kven som har ansvar for iverksettinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke tilbakemelding frå kommunedirektøren i epost 17.01.2022. Etter det sekretariatet kan sjå står det att ein del arbeid før oppfølgingsarbeidet er ferdig (sjå vedlegg). Det kjem fram av oversikta at dei fleste oppfølgingspunkta har frist 01.05.2022 og eit punkt har frist 31.12.2022.

Ut i frå det som kjem fram av informasjon i handlingsplanen og informasjon i møte, må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein skal gjera vidare med saka.

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status på handlingsplanen til maimøtet i kontrollutvalet.



Vår dato:
14.01.2022

Vår referanse:
2021/4622-217

Vår saksbehandlar:
John Nordseth Nesse

Direkte telefonnr.:
53423164

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Tilbakemelding til kontrollutvalet angående oppfølging av vedtak

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i sak PS 5/21, 11. mars 2021, har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon av styring av investeringsprosjekt i Bømlo kommune. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om Bømlo kommune har etablert system og rutinar for organisering, planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt.

I kommunestyret 01.11.2021 vart det gjort følgjande vedtak: «Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet innan 1.februar, om korleis vedtaka vert fullt opp, når tiltaka vert sett i verk og kven som har ansvar for iverksettinga».

I rapporten datert september 2021 kjem det fram at Bømlo kommune har etablert overordna rutinar som gjer føringar for planlegging og gjennomføringar av investeringsprosjekt, samt er det etablert ein fast praksis for korleis ein del oppgåver og aktivitetar vert løyst, men det manglar skriftlege rutinar for gjennomføringa av fleire aktivitetar og arbeidsoppgåver.

Etter revisjonen si vurdering medfører mangel på skriftlege rutinar risiko for svikt feil, feil og manglar i måten kommunen løysar desse oppgåvene. I etterkant av revisjonsarbeidet vil difor kommunen følgje tilrådinga som kjem fram av rapporten. Dette vil vera å:

- Oppdatere relevante styrande dokument til å reflektere gjeldande ansvars- og oppgåvefordeling i investeringsprosjekt
- Skriftleggjere etablert praksis og vurdere å utarbeide rutinar for vurdering av behov for å innhenta ekstern kompetanse i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt.
- Vurdere å spesifisera tydelegare korleis rapportering i investeringsprosjekt skal innrettast, under dette konkretisera kva forhold og hendingar i prosjektet det skal rapporterast om, samt korleis og når rapporteringa skal utførast.
- Vurdere å utarbeida skriftlege rutinar for sentrale arbeidsoppgåver og aktivitetar knytt til planlegging gjennomføring av investeringsprosjekt

- Sikra at rutinar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt blir nytta i alle prosjekt i samsvar med intensjonen.

Dette blir no jobba med å få implementert, og vedlagt finn ein handlingsplan for dette arbeidet. Arbeidet er planlagt å vera ferdigstilt innan 01.05.22. Dokumenta vil vera å rekna som «levande» dokument og vil verta reviderte og oppdaterte fortløpande etter behov.

Med helsing
Bømlo kommune

John Nordseth Nesse
Prosjektleder

Tone Stavland
Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av styring av investeringsprosjekt

| Punkt | Dato | Område | Oppgave | Aksjon | Anvarlig | Status | Frist dato | Ferdig dato |
|-------|------------|-----------------------------|---|---|------------|--------|------------|-------------|
| 1 | 01.11.2021 | Oppfølging revisjonsrapport | Sørge for at relevante styrande dokument til å reflektere gjeldande organisering, ansvar og oppgåvefordeling i investeringsprosjekt vert oppdatert | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 2 | 01.11.2021 | Oppfølging revisjonsrapport | Sørge for at etablert praksis vert skriftleggjort og utarbeide rutinar for vurdering av behov for å innhente ekstern kompetanse i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 3 | 01.11.2021 | Oppfølging revisjonsrapport | Sørge for at det vert tydeleggjort korleis rapportering i investeringsprosjekt skal innrettast, under dette konkretisere kva forhold og hendingar i prosjektet det skal rapporterast om, samt korleis og når rapporteringa skal utførast. | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4 | 01.11.2021 | Oppfølging revisjonsrapport | Sørge for at det vert utarbeidd skriftlege rutinar for sentrale arbeidsoppgåver og aktivitetar knytt til planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, under dette rutinar for: | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. Det må i kvart enkelt prosjekt utarbeidast ei eige dokument som beskriv det prosjektadministrativ. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4a | | | utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for val av investeringsprosjekt som også omfattar vurdering/analyse av usikkerheit og risiko i prosjekt, | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. Eigen mal for risikovurdering vert utarbeida. | Tone | | 01.05.2022 | |
| 4b | | | kvalitetssikring av avgjerdsgrunnlag for val av investeringsprosjekt, | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. | Tone | | 01.05.2022 | |
| 4c | | | å definere skriftlege mål for investeringsprosjekt | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. Må dokumenterast særskilt i mandatet tilhøyrande kvart enkelt prosjekt. Utarbeida eigen mal for mandat. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4d | | | gjennomføring av risikovurderingar i investeringsprosjekt knytt til mellom anna kvalitet, framdrift og økonomi, | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. Eigen mal for risikovurdering vert utarbeida. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4e | | | utarbeiding av kvalitetsplanar | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. Eigen prosedyre for utarbeiding av kvalitetsplan vert utarbeida. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4f | | | utarbeiding av kontraktsstrategi og gjennomføring av risikovurderingar knytt til val av entreprisreform, | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. God sjekkliste for vurdering, samt eigen mal for risikovurdering vert utarbeida. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4g | | | kvalitetssikring av anbodsgrunnlag og kravspesifikasjon i anbodskonkurransar, | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. Eige sjekkliste vert utarbeida. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4h | | | kontraktsoppfølging, | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4i | | | økonomistyring, og | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 4j | | | handtering av endringsmeldingar | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. | Tone/ John | | 01.05.2022 | |
| 5 | 01.11.2021 | Oppfølging revisjonsrapport | Sørge for at rutinar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt blir nytta i alle prosjekt i samsvar med intensjonen. | Revidera prosjekthandboka, slik at dette kjem klart fram. Prosjekthandboka, samt tilhøyrande prosedyrer og sjekklister må på sikt nyttast i alle investeringsprosjekt. Opplæring må sikrast til aktuelle prosjektleiarar. Gå i dialog med dei heileigde kommunale aksjeselskapa, Bømlo vatn- og avløpselskap og Bømlo kommunale eigeomsselskap, slik at dei får tilgang til prosjekthandboka og tilhøyrande dokumentasjon for bruk i sine investeringsprosjekt. | Tone | | 31.12.2022 | |
| 6 | 01.11.2021 | Oppfølging revisjonsrapport | Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet innan 1.februar, om korleis vedtaka vert fullt opp, når tiltaka vert sett i verk og kven som har ansvar for iverksettinga. | Svare ut i brev og leggje ved handlingsplan. Oversende til June Stavland, for vidareending til Kontrollutvalet. | Tone/ John | | 28.01.2022 | 14.01.2022 |

| | |
|--|---|
| | Problem og løysing er Identifisert (25%) |
| | Implementering av løysing pågår (50%) |
| | Problem er løst - Ny løysing er implementert |
| | Person som identifiserte problem bekrefter at |



Saksframlegg

Saksnr: 2022/71-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 2/22 | 10.02.2022 |

Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er gjort og vel å lukke saka.

Samandrag

Dette er femte oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet lukker saka ut i frå at sekretariatet vurderer at kommunen no er ferdig med oppfølgingsarbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 18.05.2020:

«Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at det blir etablert system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming
 - c.) Rapportering til politiske møte
2. Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette
 - a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet
 - b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte
3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.
4. Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.
5. Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.
6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.
7. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i ver for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har hatt handlingsplanen til handsaming i fleire møte i 2020 og 2021. Sekretariatet har fått tilsendt handlingsplanen, denne er vedlagt saka. Status januar er markert med blå skrift i vedlegg til saka. (sjå vedlegg).

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet lukker saka ut i frå at sekretariatet vurderer at kommunen no er ferdig med oppfølgingsarbeidet.

Status Handlingsplan januar 2022,

med merknader februar 2021 (raud skrift), merknader september 2021 (grøn skrift), merknader januar 2022 (blå skrift)

| | Ansvarleg | Tidsfrist | Prioritet | Merknad |
|---|---|-----------|-----------|--|
| 1. Etablere system for registrering av vedtak der det også inngår | Kommunedirektør (leiar fellessekretariat) | 01.02.21 | 1 | Gjennomført |
| a. status for oppfølging og iverksetjing | Kommunedirektør (leiar fellessekretariat) | | | Gjennomført |
| b. kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming | Kommunedirektør (leiar fellessekretariat) | | | Gjennomført |
| c. rapportering til politiske møte | Kommunedirektør | | | Gjennomført |
| 2. Oppdatere informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette | Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/kvalitetsarbeid) | 01.02.21 | 3 | <p>Dette er tema i medråderettsmøte.</p> <p>Strategisk leiargruppe: Starta arbeid med KS sin rettleiar for kommunedirektøren sin interkontroll «Orden i eget hus».</p> <p>Arbeid med covid-19 har tatt mykje kapasitet i løpet av våren/ sommaren, og m.a. dette arbeidet har blitt sett på vent. Planen er å jobba med dette hausten -21.</p> <p>Internkontrollarbeidet er kommunedirektøren sitt ansvar, - noko som tydeleg framgår av Kommuneloven. Kommunedirektøren si strategiske leiargruppe (SLG) har kommunedirektøren sin fullmakt og ansvar på eige nivå, og med to-nivå styringsmodellen i kommunen så har verksamdsleiarane det same for eige verksamd.</p> <p>Kommunedirektøren, som den ansvarlege for internkontrollen i kommunen, skal minst ein gong i året rapportera til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statleg tilsyn, noko som normalt vert gjort i siste møte før sommaren.</p> <p>Frå «Orden i eget hus»:</p> <p><i>God internkontroll kan ikke ses isolert, og for kommunedirektører og andre ledere er det nødvendig å arbeide både med ledelse, utvikling og internkontroll.</i></p> <p><i>Ansvar for internkontroll bør kobles sammen med andre lederoppgaver, som økonomi, ansvar for kvalitet og fag, og for personalforvaltningen.</i></p> <p>Internkontrollarbeidet inngår som ein naturleg del av leiaroppgåvene både i SLG og på verksamdsleiar nivå. Dette er eit kontinuerleg arbeid, og vil aldri kunne setjast som fullført.</p> <p>Roller og ansvar er avklart, sjå over. Punktet derfor kan setjast som gjennomført.</p> |
| a. tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet | Kommunedirektør | | | |
| b. vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på ein god måte | Kommunedirektør | 01.02.21 | 5 | Er å sjå på som gjennomført då vurdering er gjort. |

| | Ansvarleg | Tidsfrist | Prioritet | Merknad |
|---|--|-----------|-----------|---|
| 3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet | Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/kvalitetsarbeid) | 01.02.21 | 2 | Kontinuerleg arbeid, som ikkje vil kunne setjast som utført nokon spesiell dato, men i denne samanheng er punktet å sjå på som gjennomført . |
| 4. Sørge for ein god avviksmeldeskultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analysar av avvik som er meldte i verksemdene. | Kommunedirektør | 01.02.21 | 4 | Kontinuerleg arbeid, som ikkje vil kunne setjast som utført nokon spesiell dato, men i denne samanheng er punktet å sjå på som gjennomført . |
| 5. Etablere felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar. | Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/kvalitetsarbeid) | 01.02.21 | 6 | Arbeidet er påbegynt, men ikkje ferdigstilt. Ny frist er 01.07.21 Arbeidet er i gong. Dokument er ferdigstilt og publisert i kvalitetsstyringssystemet. Punktet er gjennomført . |
| 6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda. | Kommunedirektør | 01.02.21 | 7 | Møteplan for kvalitetsutval og kvalitetsgruppene er enno ikkje sett for 2021. Dette har samanheng med pågåande arbeid med revisjon av kvalitetshandbok. Sjå kommentar under pkt 2a Sjå kommentar under pkt 2. Punktet kan derfor setjast som gjennomført . |



Saksframlegg

Saksnr: 2022/58-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|--------------------------------|------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 3/22 | 10.02.2022 |

Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Denne saka vart teken opp under «PS 38/21 Eventuelt» i møte 29.09.2021. Kontrollutvalet handsama og saka i møte 02.12.2021. Det vart vedteke at kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering til dette møtet. Sekretariatet tilrår at saka vert teken til orientering, med mindre det kjem fram noko spesielt i saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak «PS 38/21 Eventuelt» frå møte i kontrollutvalet 29.09.2021 vart dette mellom anna protokollert:

«Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet

Kontrollutvalet og sekretariatet registrerer at nettsida til kommunen gjeldande informasjon om kontrollutvalet verken er svært mangelfull og heller ikkje oppdatert. Linkene fungerer heller ikkje. Sekretariatet har sendt epost om saka tilbake til 05.01.2021.

Vedtak

Kontrollutvalet ber kommunedirektør sørge for at nettsida gjeldande kontrollutvalet kjem på plass snarast mogleg. Kontrollutvalet ber og om at kommunedirektør kjem til neste møte, 02.12.2021, og orienterer om status for dette arbeidet»

I sak «PS 40/21 Nettsida til kommunen og manglande opplysningar om kontrollutvalet» frå møte i kontrollutvalet 02.12.2021 vart dette protokollert:

«Kommunedirektør orienterte gjeldande manglande opplysningar for kontrollutvalet på nettsida til kommune og svarte på spørsmål.

Kontrollutvalet ber om at dette kjem på plass:

- *Telefonnummer til leiar av kontrollutvalet*
- *At sakene for kontrollutvalet vert lagt inn under «Politiske saker og sakslister» og under «Politisk organisering».*
- *At innkalling og protokoller ligg tilbake i tid slik det kjem fram av dei andre politiske utvala.*

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om ny orientering i saka til møte i kontrollutvalet 10.02.2022 slik det kjem fram av punkta ovanfor.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke tilbakemelding frå administrasjonen og kommunedirektør 17.01.2022. Etter det sekretariatet kan sjå er manglande opplysningar om kontrollutvalet på heimesida til kommunen no ordna opp i og kome på plass der det høyre heime. (sjå vedlegg)

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet tar ei vurdering av nettsida i møte.

Konklusjon

Tilrår at kontrollutvalet registrerer at dette er ordna opp i og tek informasjonen til orientering.

PS 40/21 Kontrollutvalet har bedt om ei orientering gjeldande nettsida til kommunen

Det har vore gjort ei serie forbetringar på nettsida til kommunen opp mot manglande opplysingar og auka synleggjering ynskja av kontrollutvalet. Ved møte 02.12.2021 kom det eit vedtak på tre nye punkt:

1. Telefonnummer til leiar av kontrollutvalet

Nettsidene er no oppdaterte med telefonnummer til leiar av kontrollutvalet i samsvar med vedtak frå kontrollutvalet. Under finn ein illustrasjon av presentasjonen av kontrollutvalets faste medlem, no med telefonnummer til leiar i tillegg til den kontaktinformasjon som ligg med e-post på kvart enkelt medlem:



2. Sakene for kontrollutvalet vert lagt inn under «Politiske saker og sakslister» og under «Politisk organisering»

Sakene for Kontrollutvalet er no lagt inn under «Politiske møter og sakslister» og under «Politisk organisering» i samsvar med vedtak. Ein kan navigere frå Hovudsida og enkelt finne frem til relevant informasjon om kontrollutvalet. Under illustrerast det korleis sida ser ut med den nye navigeringa:




3. Innkallingar og protokollar ligg tilbake i tid slik det kjem fram av dei andre politiske utvala

Dette er ei sak som har vore tema for Kontrollutvalet fleire gonger tidlegare. Administrasjonen i kommunen har hatt tekniske utfordringar med å løyse dette etter tidlegare ynskjer.

Grunnen til at det ser annleis ut på sida til Kontrollutvalet til samanlikning med andre utval, er at Bømlo kommune sine andre politiske utval ikkje har eksternt sekretariat. Deira møter er lagt inn i eit eige møtemodul i vårt arkiv- og saksbehandlingssystem, Elements. Dette mogleggjer ei direkte lenke som gjev eit enkelt system for å sjå Innkallingar og protokollar tilbake i tid. Denne moglegheita ligg ikkje for kontrollutvalet med eksternt sekretariat.

Me har sett på ulike løysingar og landa på det me meiner er den beste. Det er no lenka direkte til postlistene, der alt frå postlistene tilbake til 2015 ligg. Grunna overgang til «nytt» arkiv- og saksbehandlingssystem i 2021 (eit skilje på før og etter 2021) må løysinga vera todelt. Direkte lenke og framgangsmåte for navigering er enkelt forklart på nettsida. Dette gjev tilgang til alle innkallingar, protokollar og meir til ned til 2015. Før 2015 er det ikkje digitale dokument, og ein må kontakta kommunen for innsyn. Dette vil arkiv hjå kommunen vera behjelpelig med. Under illustrerast det korleis ny side ser ut, med den nye navigeringa for dokument tilbake i tid:

 **Bømlo kommune**

[Heim](#) → [Politikk](#) → [Politisk organisering](#) → [Kontrollutval, eldre- og ungdomsråd m.fl.](#) → [Kontrollutvalet](#)

Kontrollutvalet

For valperioden 2019-2023 er Ragnhild Ravna Skjærvik (Ap) leiar og Vegard Enerstvedt (H) nestleiar i kontrollutvalet for Bømlo kommune.

Kontrollutvalet har 5 medlemmer valde av kommunestyret. Leiar i utvalet kan ikkje vera medlem av same parti eller tilhøyra same gruppe som ordførar. Medlemmane og varamedlemmane kan ikkje vere representerte i andre politiske utval.

Utvalet er heimla i [kommunelova, kapittel 23](#), og i [forskrift om kontrollutval og revisjon, kapittel 1](#). Det har normalt fem ordinære møter i året.

Kontrollutvalet skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret.

- Kontrollutvalet skal i første rekke føre samanhengande tilsyn og kontroll med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret, medrekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.
- Utvalet kan i prinsippet ta opp eitkvart forhold ved kommunen si verksemd så lenge det kan definerast som kontroll eller tilsyn. Uvalet kan likevel ikkje overprøve politiske prioriteringar utført av kommunen sine folkevalde organ.
- Kontrollutvalet kan berre sjå til at dei vedtak som er tekne og at verksemda elles er i tråd med rettslege krav til kommunen. Det vil seie om vedtak er tekne av kompetent organ etter korrekt saksbehandling og om vedtaket er gjennomført som fastsatt. Kommunelova §23-5 viser også til at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret.


Kontrollutvalet

Bømlo kommune sitt einnsyn (arkiv) er grunna systemskifte delt opp i to, frå før 2021 og frå 2021.

[Dei ligg under innsynsrett i offentlege dokument](#)


Dette inneber at for å finne historiske møteprotokollar for Kontrollutvalet må du følgje desse lenkjene:

Innsyn i postlister før 2021 - der du i feltet Saknr: fyller inn **2015/1816**



Kontrollutval sakfelt 2015

Innsyn i postlister frå 2021 - der du i feltet Saknr: fyller inn **2021/4010**



Kontrollutval sakfelt 2021

| Møtedato | Innkalling | Protokoll |
|------------|---------------------------------------|---|
| 02.12.2021 | Sakspapir (PDF, 7 MB) | Møtereferat (PDF, 289 kB) |
| 29.09.2021 | Sakspapir (PDF, 5 MB) | Møtereferat (PDF, 423 kB) |

Alternativ til denne løysinga vil vera ei tilsvarande løysing som Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS nyttar. Dei har laga ei eiga nettside der ein publiserer kontrollutvalet sine saker. Då kan kontrollutvalet sjølv styra informasjon, tilgang til innkallingar og protokollar så langt bak i tid de ynskjer sjølve, på den måten de ynskjer sjølve.

Lenke: <https://kontrollutvalgene.no/>

HAUGALAND
Kontrollutvalgssekretariat IKS

sekk

OM OSS KONTAKT

HJEM NYHETER MØTEPLAN KOMMUNER » REGELVERK RAPPORTER

LENKER – REVISJON OG ANDRE INSTANSER

Sveio kommune

Kontrollutvalget i Sveio kommune

Protokoll fra møtet 22.11.21

Utvalget består for valgperioden 2019 – 2023 av følgende personer:

Faste medlemmer
Ole Ørjan Hov (MDG) – leder e-post: ole.hov@2know.no tlf 982 57 954

Arne Valen (Sp) – nestleder
Solfrid Aasen (Sp)
Marit Elise Lier (Ap)
Gustav Eidsvåg (Frp)

Vara medlemmer

- vara Per S. Wathne (KfF)
- vara Bjørn Gerhard Huseby (Frp)
- vara Hege Hobberstad Vigre (Sp)
- vara Randi Skimmeland (Ap)
- vara Andreas Bårtevedt (H)

KOMMUNER

KART



Saksframlegg

Saksnr: 2022/58-3
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 4/22 | 10.02.2022 |

Val av meddommarar for kommunen - er dei valbare - orientering frå ordførar og kommunedirektør

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunestyret ser på saka gjeldande val av meddommarar frå kommunen og om medlemmane og varamedlemmane er lovleg valde som meddommarar i medhald til domstolslova.

Samandrag

Denne saka vart teken opp i eventuelsaka i møte 29.09.2021. Sekretariatet tilrår at ordførar og kommunedirektør orienterer om saka og har orientert begge om at dette vert ei sak til dette møte. Ut i frå orienteringa frå ordførar og kommunedirektør må kontrollutvalet vurdere kva ein skal gjera vidare med saka. Dersom dette no er ordna opp i kan kontrollutvalet ta informasjonen til orientering. Forslag til vedtak tek utgangspunkt i at dette ikkje er ordna opp i og kontrollutvalet ber om at kommunestyret ser på saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå kontrollutvalsmøte 29.09.2021, sak PS 38/21, vart dette mellom anna protokollert:

«Val av meddommarar for kommunen – er dei valbare

Utgangspunkt for saka er epost frå nestleiar som vart sendt til leiar med kopi til sekretær 27.09.2021.

Nestleiar og ordførar orienterte kort om saka. Kontrollutvalet valde å utsetje saka til desembermøtet då det føreligg for lite informasjon på noverande tidspunktet. Det er usikkert om bestillinga om orienteringa skal gå til kommunedirektør, ordførar eller begge. Sekretariatet får i oppgåve og avklare dette til neste møte og at saka kjem på sakslista til møte 02.12.2021.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet undersøkje nærare om saka gjeldande ulovleg val av meddommarar og at saka kjem på sakslista til neste møte 02.12.2021. Sekretariatet får og i oppgåve å sjekke om bestillinga om orienteringa skal gå til kommunedirektør eller ordførarar eller begge.»

I epost frå nestleiar Vegard Enerstvedt 27.09.2021 vart det informert om dette:

«Med ein tilfeldigheit kom eg over denne saken her: <https://rett24.no/articles/tror-tusenvis-av-straffesaker-risikerer-gjenapning-etter-meddommertabbe>.

Det går kort sagt ut på at ein domfelt person har fått saka si opp att fordi meddommaren som dømde ikkje var valbar. Vedkommande meddommar satt i formannskapet i kommunen vedkommande var vald frå. Etter domstolslova §71-9 er personar som har vore med i framlegget for saka ikkje er valbar.

I mange kommunar er det formannskapet som gjer dette, men i Bømlo så er det Valnemda. Dermed er medlem (og varamedlem) av Valnemda ikkje valbare som meddommarar til tingretten eller lagmannsretten. Dette kjem også fram i vegleiaren som domstolsadministrasjonen (<https://www.domstol.no/straffesak/aktorene-i-retten/meddommer/meddommervalg/ofte-stilte-sporsmal/>) Det er eit unntak for medlem av kommunestyret som gjennomføre den faktiske voteringa.

Etter ein kort gjennomgang ser eg at fleire av medlemmane og varamedlemmane av Valnemda likevel er valde. I så fall er dette valet ulovleg etter domstolslova §71-9. Trur derfor me må ta dette opp på møte.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Saka vart utsett frå desembermøtet (02.12.2021) då Vegard Enerstvedt (nestleiar), som hadde fremja saka i kontrollutvalet, var hindra frå å møte i desembermøtet.

Ut i frå orienteringa frå ordførar og kommunedirektør må kontrollutvalet vurdere kva ein skal gjera noko vidare med saka. Dersom dette no er ordna opp i kan kontrollutvalet ta informasjonen til orientering. Forslag til vedtak tek utgangspunkt i at dette ikkje er ordna opp i og kontrollutvalet ber om at kommunestyret ser på saka.

Forslaget er grunna i at kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret. Det vil elles ikkje vera unaturleg å tenka at Domstolsadministrasjonen kan spørjast. Dei har hovudsete i Trondheim, og kan kontaktast slik: E-post: postmottak@domstolsadministrasjonen.no / Tlf. 73 56 70 00. Det vil i så fall vera mest naturleg at ordførar eller kommunedirektør henvender seg dit.

Konklusjon

Kontrollutvalet ber om at kommunestyret ser på saka gjeldande val av meddommarar i kommunen og om medlemmane og varamedlemmane er lovleg valde som meddommarar i medhald til domstolslova.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/58-2
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|--------------------------------|------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 5/22 | 10.02.2022 |

Bømlo kommunale eideomsselskap AS - to spørsmål - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret sørge for at varalista for Bømlo kommunale eideomsselskap AS vert i tråd med kommunelova § 21-1 jf. Aksjelova § 20-6 gjeldande kjønnsbalanse i styret.

Samandrag

Dei to spørsmåla gjeldande Bømlo kommunale eideomsselskap AS vart teken opp i eventueltsaka i møte 02.12.2021. Sekretariatet har motteke svar frå administrasjonen innan fristen. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber om at kommunestyret tek tak i saka og at varalista for selskapet vert i tråd med krava i kommunelova gjeldande kjønnsbalanse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette vart protokollert i sak PS 46/21 i møte i kontrollutvalet 02.12.2021.

«Spørsmål til kommunedirektøren gjeldande Bømlo kommunale eigedomsselskap AS

Utvalseleiar orienterte om ei henvending gjeldande to forhold som kontrollutvalet ønskjer svar på:

- Ingen kvinner på varalista til styret i selskapet. Er det i henhold til lova?
- Christine Schei Alfredsen er avdelingsleder for tveit regnskap som fører regnskap for selskapet. Er ho lovleg vald styrerepresentant da?

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om ei orientering gjeldande Bømlo kommunale eigedomsselskap AS slik det kjem fram ovanfor.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke svar frå administrasjonen 17.01.2022 og svaret legg ved som vedlegg til saka (sjå vedlegg).

Ingen kvinner på varalista til styret i selskapet

Ut i frå tilbakemeldinga frå administrasjonen er det slik at varalista til styret i selskapet ikkje er i henhold til lova.

Av KommuneLOVA § 21-1 jf. Aksjelova § 20-6 føl det eit krav til kjønnsbalanse når kommunen eig minst to tredeler av aksjekapitalen i ei verksemd. Dette gjeld både for vanlege styreverv og varalista.

Er Christine Schei Alfredsen lovleg vald styrerepresentant i selskapet

Christine Schei Alfredsen er avdelingsleiar for Tveit Rekneskap AS som fører rekneskapet for Bømlo kommunale eigedomsselskap AS. Ho er og vald inn som vararepresentant for styret i Bømlo kommunale eigedomsselskap AS.

Tilbakemeldinga frå administrasjonen er at det ikkje er til hinder for at den som fører rekneskap for selskapet kan vera representant i styret. Christine Schei Alfredsen må vurderer habiliteret i kvar enkelt sak.

Sekretariatet si vurdering:

Ut i frå tilbakemeldinga frå administrasjonen er det slik at varalista til styret i selskapet ikkje er i henhold til lova. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber om at kommunestyret tek tak i saka og at varalista for selskapet vert i tråd med krava i kommunelova gjeldande kjønnsbalanse.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det er habiliteretsproblem gjeldande at Christine Schei Alfredsen er styrerepresentant for selskapet. Men ho må vurderer habilitereten sin frå sak til sak.

Konklusjon

Sekretariatet inviterer kontrollutvalet til å handtera saka slik:
Kontrollutvalet ber kommunestyret sørge for at varalista for Bømlo kommunale eideomsselskap AS vert i tråd med krava i kommunelova og aksjelova. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at styrerepresentant Christine Schei Alfredsen er ulovleg vald, men at ho må vurdere habilitet i kvar enkelt sak.

Kontrollutvalet har bedt om ei orientering gjeldande Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS rundt to spørsmål

1. Ingen kvinner på varalista til styret i selskapet. Er det i henhold til lova?

Bømlo kommunale eigedomsselskap AS er eit aksjeselskap der Bømlo kommune eig alle aksjane.

Av KommuneLOVA § 21-1 jf. Aksjelova § 20-6 føler det eit krav til kjønnsbalanse når kommunen eig minst to tredeler av aksjekapitalen i ei verksemd. Dette gjeld både for vanlege styreverv og varalista.

Er det to eller tre verv skal begge kjønn vera representert. Er det fire eller fem verv skal kvart kjønn vera representert med minst 2. Er det seks-åtte verv skal kvart kjønn vera representert med minst 3.

Det er ikkje etter lova når det i dette tilfellet er 4 menn på varalista og ingen kvinner.

1. Christine Schei Alfredsen er avdelingsleder for Tveit Regnskap AS som fører regnskap for selskapet. Er ho lovleg vald styrerepresentant da?

Christine Schei Alfredsen har vore vararepresentant i Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS, og at ho no er vald inn som styremedlem.

Det er aksjelova og vedtektene som i hovudsak regulerer verksemda i aksjeselskap. Vedtektene til verksemda regulerer korleis val av styremedlem og vara skal gå føre seg jf. Vedtektene § 6.

Det er ikkje noko i lova som er til hinder for at den som fører rekneskap for selskapet kan vera representant i styret. Det er ikkje uvanleg at ein i mindre aksjeselskap har fleire roller, og at ein fører eigen rekneskap. Styret har ansvaret for forvaltninga av verksemda. God kjennskap til rekneskapen i verksemda er ein viktig resurs i eit styre.

Det påpeikast for samanhengens skuld at selskapet har åtskild revisor i Deloitte AS. Revisoren skal ikkje ha noko tilknytning til verksemda ut over å vera revisor. Revisorlova stiller strenge krav til uavhengigheit, det gjer også kommuneLOVA § 24-4, som set opp krav om uavhengigheit og god vandel.

Det er i utgangspunktet heller ikkje noko generelt habilitetskrav for å vera styremedlem i eit aksjeselskap etter lova. Det som ein derimot må merka seg, er at eit styremedlem kan vera ugild til å delta i behandlinga av saker og spørsmål som «har slik særlig betydning for egen del eller for noen nærstående at medlemmet må anses for å ha fremtredende personlig eller økonomisk særinteresse i saken» eller «sak om lån eller annen kreditt til seg selv eller om sikkerhetsstillelse for egen gjeld» jf. Aksjelova § 6-27.

I nokon tilfelle kan interessene til eit styremedlem og verksemda henga så tett saman at ein i realiteten har eit ugild styremedlem i alle saker. Dette er vanskeleg å tenka seg skal vera tilfellet i denne saka. Det er også noko valnemnda normalt ville fanga opp.

Her vil Schei Alfredsen, i kraft av rolla som avdelingsleiar for Tveit Regnskap AS som fører rekneskap for selskapet, vera ugild i saker som har for tett tilknytning til Tveit Regnskap AS. Eit døme vil vera ei behandling av fornying av avtale med Tveit Regnskap AS til å føra rekneskapen vidare for Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS. Som dei andre styremedlemmane må Schei Alfredsen vurdere eigen habilitet i kvar enkelt sak styret behandlar.

Det er ikkje noko med rolla i Tveit Rekneskap AS som tilseier at Christine Schei Alfredsen ikkje er lovleg vald. Schei Alfredsen må i likeheit med styrets andre medlem vurdere si habilitet i kvar enkelt sak.

Etter ei undersøking etter lova, har kommunen henvendt seg direkte til Christine Schei Alfredsen pr. tlf. 29.12.21. Ho opplys at ho tidlegare har gjort undersøkingar opp mot sitt verv og kan ikkje sjå at hennar rolle som styremedlem ikkje skal vera etter lova. Ho har også drøfta dette med valnemnda, som framheva habilitetsregelverket. Dette er noko ho er særleg oppmerksom på.

Schei Alfredsen opplys at det er andre hjå Tveit Regnskap AS som fører sjølve rekneskapen. Ho er ikkje oppdragsansvarleg eller saksbehandlar på oppdraget for Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS, og har såleis ingen befatning med dette i jobbsamanheng.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/40-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 6/22 | 10.02.2022 |

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i møte 28.05.2020 i sak «PS 17/20 Eventuelt»:

«Kontrollutvalet ønskjer ei sak i kvart møte om at rådmannen orienterer om saker frå kommunen»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdera om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Om det ikkje er nokon særskilte merknader knytt til informasjonen som vert gjeven, tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/163-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 7/22 | 10.02.2022 |

Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 01.03.2022. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 31.10.2022, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

Samandrag

Kontrollutvalet skal i dette møte handsama prosjektplan gjeldande forvaltningsrevisjonsprosjektet innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov. Det vert tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte, eventuelt at kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan. Etter prosjektplanen er revisjonsrapporten klar i utgangen av oktober, og at kontrollutvalet handsamar denne i siste kontrollutvalsmøte i 2022.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte prosjektplan om forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov, i møte 02.12.2021 (PS 43/21), det det vart gjort slikt vedtak:

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.*
2. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2022.*
4. *Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 10.02.2022.»*

Sekretariatet har motteke prosjektplanen frå Deloitte, og denne er vedlagt saka.

Av prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Bømlo kommune har etablert eit systematisk og planmessig arbeid for å sikre tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet overfor utsette barn og unge. Vidare vil det vere eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikre at samarbeid og samordning mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) I kva grad har Bømlo kommune etablert eit heilskapleg, systematisk og planmessig arbeid for tidleg innsats for barn og unge med særlege behov? Under dette:
 - a) Har Bømlo kommune etablert tilstrekkeleg mål og planar for førebyggjande arbeid for barn og unge med særlege behov?
 - b) I kva grad har Bømlo kommune sikra at relevante tenester har nødvendig kompetanse til å avdekke barn med særleg behov knytt til t.d. omsorgssvikt, åtferdsproblem, psykisk helse og/eller rusutfordringar eller lærevanskar?
 - c) I kva grad er det tilgang til føremålstenlege lågterskel-hjelpetiltak for utsette barn, unge og deira familiar i Bømlo kommune?
- 2) Har Bømlo kommune ei føremålstenleg organisering av tenestetilbodet med tanke på å sikre eit heilskapleg og godt koordinert tilbod til barn og unge med særleg behov? Under dette:
 - a) Er oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge tydeleg fordelt?
 - b) I kva grad er det etablert rutinar som skildrar ulike tenester sitt og arbeid med:
 - i) å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak retta mot barn og unge (t.d. omsorgssvikt, åtferdsproblem, psykisk helse- og/eller rusutfordringar eller lærevanskar)?
 - ii) å handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge?
 - iii) å drøfte tiltak med/involvere andre relevante tenester?
 - c) Er samhandlinga mellom kommunale einingar tilstrekkeleg for å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid for barn med særlege behov)?
 - d) I kva grad har førebyggjande arbeid retta mot barn og unge med særlege behov blitt påverka av covid-19 pandemien?
- 3) I kva grad har kommunen etablert system for å sikre at samarbeid og samordning mellom kommunale tenester er i samsvar med regelverket?

- a) Er det etablert tilstrekkelege samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar mellom dei ulike velferdstenestene og mellom velferdstenestene og andre aktuelle tenester eller aktørar (t.d. kultur og fritidstilbod) som arbeider opp mot barn og unge i kommunen?
- b) Er det etablert system for melding om avvik/manglar i samhandlinga og for oppfølging av slike avvik/manglar?

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, analyse av statistikk og verifisering/høyring som metode.

Tid og ressursbruk

Timeestimat for prosjektet er inntil 300 timar. Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at dert vert disponert ein ressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.

Prosjektet kan starte opp i mars 2022 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av oktober 2022. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre, og at informasjonen elles vert teken til orientering.

Konklusjon

Det vert invitert til at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen.



Forvaltningsrevisjon | Bømlo kommune

Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov

Prosjektplan

Januar 2022

«Forvaltningsrevisjon av tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - prosjektplan»

Januar 2022

Prosjektplanen er utarbeidd for Bømlo kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

| | | |
|---|------------------------------|---|
| 1 | Føremål og problemstillinger | 2 |
| 2 | Revisjonskriterium | 3 |
| 3 | Metode | 7 |
| 4 | Tid og ressursbruk | 8 |

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 2. desember 2021, sak PS 43/21 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov i Bømlo kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Bømlo kommune har etablert eit systematisk og planmessig arbeid for å sikre tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet overfor utsette barn og unge. Vidare vil det vere eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikre at samarbeid og samordning mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- 1) I kva grad har Bømlo kommune etablert eit heilskapleg, systematisk og planmessig arbeid for tidleg innsats for barn og unge med særlege behov? Under dette:
 - a) Har Bømlo kommune etablert tilstrekkeleg mål og planar for førebyggjande arbeid for barn og unge med særlege behov?
 - b) I kva grad har Bømlo kommune sikra at relevante tenester har nødvendig kompetanse til å avdekke barn med særleg behov knytt til t.d. omsorgssvikt, åtferdsproblem, psykisk helse og/eller rusutfordringar eller lærevanskar?
 - c) I kva grad er det tilgang til føremålstenlege lågterskel-hjelpetiltak for utsette barn, unge og deira familiar i Bømlo kommune?
- 2) Har Bømlo kommune ei føremålstenleg organisering av tenestetilbodet med tanke på å sikre eit heilskapleg og godt koordinert tilbod til barn og unge med særleg behov? Under dette:
 - a) Er oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge tydeleg fordelt?
 - b) I kva grad er det etablert rutinar som skildrar ulike tenester sitt og arbeid med:
 - i) å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak retta mot barn og unge (t.d. omsorgssvikt, åtferdsproblem, psykisk helse- og/eller rusutfordringar eller lærevanskar)?
 - ii) å handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge?
 - iii) å drøfte tiltak med/involvere andre relevante tenester?
 - c) Er samhandlinga mellom kommunale einingar tilstrekkeleg for å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid for barn med særlege behov?
 - d) I kva grad har førebyggjande arbeid retta mot barn og unge med særlege behov blitt påverka av covid-19 pandemien?
- 3) I kva grad har kommunen etablert system for å sikre at samarbeid og samordning mellom kommunale tenester er i samsvar med regelverket?
 - a) Er det etablert tilstrekkelege samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar mellom dei ulike velferdstenestene og mellom velferdstenestene og andre aktuelle tenester eller aktørar (t.d. kultur og fritidstilbod) som arbeider opp mot barn og unge i kommunen?
 - b) Er det etablert system for melding om avvik/manglar i samhandlinga og for oppfølging av slike avvik/manglar?

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen vil undersøke kommunen sitt arbeid retta mot barn og unge med særlege behov opp til 18 år. Forvaltningsrevisjonen vil i hovudsak rette seg mot tidleg innsats for å avdekke og avhjelpe utfordringar knytt til omsorgssvikt, åtferdsproblem, psykisk helse og/eller rusproblem, samt lærevanskar.

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Internkontroll

§ 13-1 i kommunelova omtalar kommunedirektøren sine oppgåver og mynde.

Her står det at kommunedirektøren skal leie den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følger av lov, og innan dei instruksar, retningslinjer eller pålegg kommunestyret gir.

Det står vidare i § 25-1 at kommunedirektøren har ansvar for internkontrollen i kommunen og at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda si storleik, størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Ved internkontroll etter § 25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

2.3 Kommunen sitt ansvar for førebyggjande tenester og tidleg innsats

Etter folkehelselova § 4 første ledd skal kommunar fremme befolkninga si helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og bidra til å verne befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

§ 5 i folkehelselova set krav til at kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Oversikta skal baserast på:

- a) opplysninger som statlige helsemyndigheter og fylkeskommunen gjør tilgjengelig etter §§ 20 og 25,
- b) kunnskap fra de kommunale helse- og omsorgstjenestene, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3 og
- c) kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse

Det går fram av § 5 andre ledd at denne oversikta skal vere skriftleg og identifisere folkehelseutfordringar i kommunen, under dette konsekvensar og årsaksforhold. Det blir understreka at kommunen særskilt skal vere merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseskilnader.

1. januar 2022 blei endringar i barnevernlova sett i verk i samband med iverksetting av barnevernreforma, ofte referert til som oppvekstreforma. Føremålet med reforma er mellom anna å styrke kommunane sitt førebyggjande arbeid og arbeidet med tidleg innsats for barn i risiko. Etter barnevernlova § 3-1 skal kommunen fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebygge at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Vidare går det fram at kommunen skal sørge for å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar. § 3-1 gjev kommunen plikt til å vedta ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid. Planen skal beskrive kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og delast mellom etatane i kommunen, og korleis dei skal samarbeide. Barneverntenesta skal sette inn tiltak tidleg for å førebygge alvorleg omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Andre særlover set også krav til førebyggjande tenester for barn og unge i kommunane:

- Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 set krav til at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, under dette personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. I § 3-2, 1. og 4. ledd, går det fram at kommunen for å oppfylle ansvaret etter § 3-1 mellom anna skal tilby helsefremmande og førebyggjande tenester, under dette helsetenester i skular og helsestasjonsteneste. Vidare skal kommunen tilby utredning, diagnostisering og behandling¹.
- § 9 A-2 i opplæringslova set krav til at skulen skal sikre eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det går vidare fram av § 9 A-3 andre ledd at skulen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane. Opplæringslova si § 9 A-4 skildrar vidare skulane si aktivitetsplikt for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø.
- I barnehagelova er det frå 2021 også innført aktivitetsplikt (jf. § 42). Det går vidare fram av § 41 andre ledd i barnehagelova at «barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna».
- I § 4-4 set barnevernslova krav til at barnevernstenesta skal bidra til å gi det enkelte barn gode levevilkår og utviklingsmoglegheiter ved råd, rettleiing og hjelpetiltak. Hjelpetiltaka skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet eller familien. Etter § 3-1 har barnevernstenesta ansvar for å gi hjelp, omsorg og beskyttelse når det er naudsyn som følgje av barnets omsorgssituasjon eller åtferd. Ansvaret omfattar tiltak retta mot barnets omsorgssituasjon eller åtferd.

I opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024)² blir det i kapittel 4.2.1 om styrking av det tverrfaglege samarbeidet i barnehage og skule poengtert at kommunen sitt ansvar for at alle barn og unge får ein god oppvekst mellom anna blir ivaretatt i barnehagar og skuler, PP-tenesta og helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det blir peikt på at barn og unge er store deler av dagen i barnehagen og på skulen, og at dette difor er viktige arenaar for å førebyggje, oppdage og følge opp psykiske plager og andre utfordringar.

I den nasjonale rettleiaren for tidleg oppdaging av utsette barn og unge³ blir det gitt ei sterk tilråding om at kommunen si leingi bør syte for at relevante verksemder der tilsette møter barn og unge i sitt daglege arbeid har rutinar for korleis dei tilsette kan handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge. Det blir vidare peika på at rutinane bør vere kjende for mellom anna tilsette i barnehagar, skular og helse- og omsorgstenester som har regelmessig oppfølging av barn og unge. Rettleiaren set vidare krav til kva punkt som bør inngå i rutinane, mellom anna systematisk observasjon og dokumentasjon av vedvarande teikn og signal som gir grunnlag for bekymring.

2.3.1 Samarbeid og samordning mellom kommunale tenesteområde

Etter folkehelselova § 4 andre ledd skal kommunen fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemidlane kommunen er tillagt, under dette lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunane står i utgangspunktet fritt til å organisere tenesteapparatet slik dei sjølv meiner er mest føremålstenleg, men dei har ansvar for å samordne sine tenester. § 3-4 i helse- og omsorgstenestelova stiller krav til at det skal leggast til rette for samhandling mellom ulike deltenester i kommunen⁴ og med andre tenesteytarar der dette er nødvendig for å tilby tenester omfatta av helse- og omsorgstenestelova.

Det går fram av § 3-2 i barnevernslova at barnevernstenesta skal medverke til at barn sine interesser blir ivaretatt også av andre offentlege organ. Vidare går det fram at

Barneverntjenesten skal samarbeide med andre sektorer og forvaltningsnivåer når dette kan bidra til å løse oppgaver som den er pålagt etter denne loven. Som ledd i disse oppgavene skal barneverntjenesten gi uttalelser og råd, og delta i den kommunale og fylkeskommunale planleggingsvirksomhet og i de samarbeidsorganer som blir opprettet.

Opplæringslova set i § 15-8 krav til at skulen skal samarbeide med relevante kommunale velferdstenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar. Plikta gjeld både i enkeltsaker og samarbeid utover oppfølginga av konkrete elever.

¹ Herunder fastlegeordning

² Prop.121 S (2018-2019). Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024). Helse- og omsorgsdepartementet.

³ Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge. Nasjonal veileder. Helsedirektoratet. Sist fagleg oppdatert 3. desember 2019.

⁴ Omgrepet «delttenester i kommunen» viser til andre velferdstenester som kommunen har ansvar for, til dømes kommunalt barnevern og grunnskule. Prop.100 L (2020-2021). Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator). Kunnskapsdepartementet.

§ 13-5 i opplæringslova set vidare krav til at skulen skal samarbeide med barnehagen om barna sin overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning (jf. § 2 a. i barnehagelova). Det går fram at samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang, og at det skal utarbeidast ein plan for overgangen. § 15-3 skildrar vidare skulen si opplysningsplikt til barnevernet, samt merksemdsplikta som seier at

Tilsette i skolen skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.

Regjeringa set i Meld. St.6 (2019-2020)⁵ følgjande mål for tverrfagleg samhandling:

- Barn og unge som trenger hjelp, blir oppdaget tidlig og får hjelp uavhengig av om utfordringene gjelder lærevansker, psykisk eller fysisk helse, familiesituasjon eller annet.
- Barn og unge og deres familier/foresatte får den helhetlige oppfølgingen de trenger av ulike tjenester.
- Tverrfaglig samarbeid skal bidra til at alle barn opplever et godt og inkluderende oppvekst-, leke- og læringsmiljø.
- Tverrfaglig samarbeid skal bidra til at flere gjennomfører videregående opplæring.

Det blir i denne meldinga til Stortinget understreka at kommuneleinga har ei sentral rolle i arbeidet med å skape kultur for samarbeid og felles engasjement for barn si utvikling i heile kommunen som organisasjon.

I lovvedtak 143 (2020-2021) blei det i juni 2021 vedtatt av Stortinget å innføre endring i 14 lovar, knytt til mellom anna innføring av samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester og innføring av rett til barnekoordinator. Nokre av lovene som får endringar er barnevernlova⁶, familievernkontorlova⁷, opplæringslova⁸, barnehagelova⁹, helse- og omsorgstenestelova¹⁰ og integreringslova¹¹. Lovendringane vil mellom anna medføre at skulefritidsordninga og PP-tenesta blir inkludert i samarbeidsføresegnene i opplæringslova og at dei ulike velferdstenestene pliktar å samarbeide med andre velferdstenester når det er nødvendig for å gi tenestemottakaren eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Vidare inneber lovendringane ei plikt til å samarbeide utover oppfølginga av konkrete tenestemottakarar, slik at tenesta sjølv og dei andre tenestene kan ivareta sine oppgåver etter lov og forskrift. Lovendringane trer i kraft frå 1. august 2022.

I forarbeid til lovendringane¹² blir det vist til eit behov for ei betre og sterkare samordning av tenester til barn og unge. Det blir peikt på at ulike velferdstenester per i dag har ulike samarbeidsplikter og at nokre velferdstenester, til dømes skulefritidsordninga, ikkje er omfatta av eksisterande samarbeidsplikter. Proposisjonen viser vidare til at tverrsektorielt samarbeid mellom ulike kommunale tenester og mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta er avgjerande for å sikre god kvalitet og samanheng i tenestene til barn og unge med samansette vanskar og lidningar.

Det går vidare fram av forarbeida at føremålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge (og deira familiar) gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Det blir skilt mellom kva som ligg til samarbeid i enkeltsaker og samarbeid utover oppfølginga av enkelte barn eller ungdommar:

Samarbeid mellom velferdstjenestene *i enkeltsaker* er viktig for at hjelpen de gir, skal være helhetlig og samordnet. Samarbeid i enkeltsaker bidrar til at det enkelte barn eller den enkelte ungdom får den hjelpen han eller hun trenger.

Samarbeid mellom velferdstjenester *utover oppfølgingen av enkelte barn eller ungdommer* handler om å ha klare samarbeidsstrukturer og tverrsektorielle møteplasser som gjør at de ulike velferdstjenestene får kunnskap om oppgavene til andre velferdstjenester, og kunnskap om hvilke tilbud og tjenester de tilbyr.

⁵ Meld.St.6 (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Kunnskapsdepartementet.

⁶ Ny § 3-2 om samarbeid og samordning og § 3-2 a. om rett til individuell plan

⁷ Ny § 1a. om samarbeid og samordning,

⁸ §3-6, nytt andre ledd om tverrfagleg samarbeid i oppfølgingstenesta, ny § 4A-14 om samarbeid og samordning, § 15-3 om opplysningsplikt til barnevernet, § 15-4 om opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta og § 15-8 om samarbeid og samordning

⁹ Ny § 2 b om samarbeid og samordning og § 45 om opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta

¹⁰ § 3-4 om kommunen si plikt til samarbeid og samordning, § 6-2 om krav til avtalen sitt innhald, ny § 7-2 a. om barnekoordinator

¹¹ § 41, § 48 første ledd, ny § 50 om samarbeid og samordning

¹² Prop.100 L (2020-2021). Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator). Kunnskapsdepartementet.

Vidare blir det slått fast at denne typen samarbeid er viktig for at velferdstenestene skal vere i stand til å avdekke barn og unge sine behov for andre tenester så raskt som mogeleg, og for at dei skal vite kven som har ansvaret for å gi den aktuelle hjelpa. Det blir peika på at barn og unge sine utfordringar kjem til uttrykk på tvers av sektorinndelingane og at samarbeid på tvers difor er nødvendig for at kommunen og dei ulike velferdstenestene skal lukkast med det førebyggjande arbeidet.

2.4 Kommunale styringsdokument og vedtak

Bømlo kommune har implementert modellen betre tverrfagleg innsats for barn og unge (BTI-modellen). BTI-modellen er ein samhandlingsmodell som skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. På kommunen sine nettsider om BTI-modellen¹³ går det fram at intensjonen er at modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

Andre relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

¹³ Bomlo.betreinnsats.no

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Bømlo kommune som har ansvar for tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov. Dette inkluderer til dømes representantar frå kommuneleiinga, og utvalde leiarar frå skule, helsestasjon/skulehelsetenesta, barnehage, barnevern, PPT, samt tilsette som er involvert i arbeid med betre tverrfagleg innsats

Nærare utval av personar som skal intervjuast vil bli gjort med bakgrunn i innleiande dokumentanalyse som gjev innsikt i organiseringa av tenestetilbodet og kva tilbud som er etablert for barn og unge i kommunen.

Vi tek sikte på å gjennomføre om lag 5-6 intervju, og nokre av desse vil bli gjennomført som gruppeintervju.

3.3 Spørjeundersøking

Revisjonen vil sende ut ei elektronisk spørjeundersøking til leiarar og tilsette i til dømes grunnskular og barnehagar, helsestasjon- og skulehelsetenesta, PPT, fysioterapitenesta, barneverntenesta, osb., for å få informasjon om korleis tenestene jobbar med å sikre tidleg innsats til barn og unge med særlege behov. Spørsmåla i undersøkinga vil kartleggje sentrale forhold knytt til rutinar, kompetanse og samarbeid med andre tenester. I tillegg til spørsmål med førehandsdefinerte svarkategoriar, vil vi leggje til rette for at respondentane også kan gi utfyllande informasjon i opne svarfelt.

3.4 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte tilgjengeleg statistikk på området, til dømes oppvekstprofil levert av folkehelseinstituttet (FHI), for å få bakgrunnsinformasjon om eventuelle utfordringar kommunen har på oppvekstområdet, og statistikk for barneverntenesta frå KOSTRA og Bufdirs kommunemonitor.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuar for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektør for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. Vidare vil Deloitte sette saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring med gjennomføring av forvaltningsrevisjon og undersøkingar i kommunar. Den endelege samansettinga av teamet vil bli avklart med kontrollutvalet i forkant av prosjektoppstart.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 300 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere mars 2022 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet sekretariatet innan utgangen av oktober 2022.¹⁴ For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Bømlo kommune og Deloitte.

Bergen, 27. januar 2022



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

¹⁴ Deloitte gjennomfører alltid ein uavhengighetssjekk før oppstart av prosjekter for å sikre at vi oppfyller krava om uavhengigheit som blir stilt til revisor, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16. Gjennomføringa av prosjektet føreset at denne sjekken ikkje avdekkjer *faktiske uavhengigheitskonfliktar* (til dømes at vi står i fare for å revidere eige arbeid, nære relasjonar o.l.) eller *tilsynelatande uavhengigheitskonfliktar* (der det ikkje er faktiske brot på uavhengigheita, men det er kan vere risiko for at tilliten til våre vurderingar og funn blir svekka på grunn av ulike forhold knytt til saka).



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2022 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/29-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 8/22 | 10.02.2022 |

Årsmelding 2021 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2021. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2021. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga.




ÅRSMELDING 2021

FOR

KONTROLLUTVALET

I

BØMLO KOMMUNE



Slåtterøy fyr (Foto: Jan Rabben).

1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for valperioden 2019 – 2023 er slik samansett:

Medlemmer

Ragnhild Ravna Skjærvik, leiar (Ap)

Vegard Enerstvedt, nestleiar (H)

Silje Sivertsen (V)

Anfinn G. Tolås (Krf)

Arne Zahl Røksund (Sv)

Varamedlemmer, etter parti:

1. John Bjørn Mikalsen (Ap)
2. Elise Skjenald (Ap)

1. Jonas Ellingsen Nesse (H)
2. Solfrid Ytterøy (H)
3. Hildegard Halleraker (H)

1. Bente Helen Nøtterøy (V)
2. Mohammed Moosapour (V)
3. Anne Marie Meling (V)

1. Per Ole Fylkesnes (Krf)
2. Magne Rolfsnes (Krf)
3. Sissel Torkelsen Larsen (Krf)

1. Rune Indrehus (Sv)
2. Dag Lothe (Sv)

Lene Borgen Waage var leiar av kontrollutvalet, men søkte om fritak for verv i kontrollutvalet grunna at ho hadde taka ja til ei stilling i Bømlo kommune. Ho var leiar av kontrollutvalet fram t.o.m. 28.09.2020. Kommunestyret innvilga søknaden og kommunestyret valde ny leiar for kontrollutvalet i same møte. Ny leiar for kontrollutvalet er Ragnhild Ravna Skjærvik. I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Anfinn G. Tolås er og medlem av kommunestyret.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2021

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 46 politiske saker i 2021.
- Grunna Covid-19 situasjonen har kontrollutvalet måtta gjennomføre nokre av møta som fjernmøte.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet, står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget

b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen

c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Bømlo kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretær oppgåver på kontrollutvalgs møta i 2021.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvalga i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden.

I 2016 var sekretariatstenester for kontrollutvalet i anbodskonkurranse og Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) vart vald som leverandør av desse tenestene til Bømlo kommune. Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum sto for konkurransen og ny avtale vart signert i november 2016. Avtalen gjeld i 3 ½ år, med opsjon for kommunen til å lenga kontraktstida med 1 + 1 år.

5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS er revisor for Bømlo kommune. Det vart gjennomført konkurranse og innhenta tilbud på revisjonstenester vinteren 2020/2021. Etter gjennomført konkurranse og handsaming av saka i kontrollutvalet fatta kommunestyret slikt vedtak i møte 10.05.2021 under sak PS 43/2021:

«Kommunestyret i Bømlo kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 til 30.06.2025.»

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor i Deloitte har vore Else Holst-Larsen som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Bømlo kommune. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

6 Arbeid med forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2020.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i kommunestyret 28.09.2020, der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.»*

I den vedteke planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Styring av investeringsprosjekt
2. Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov
3. Handtering av vald og truslar mot tilsette i kommunen
4. Bemanning og sjukefråvær
5. Byggesakshandsaming
6. Psykisk helse og rusteneste

Forvaltningsrevisjon Styring av investeringsprosjekt

Kontrollutvalet bestilte i møte 11.03.2021 forvaltningsrevisjon Styring av investeringsprosjekt. Kontrollutvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i møte 29.09.2021. Innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

«Innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å:

1. *Sørge for at relevante styrande dokument til å reflektere gjeldande organisering, ansvar og oppgåvefordeling i investeringsprosjekt vert oppdatert*
2. *Sørge for at etablert praksis vert skriftleggjort og utarbeide rutinar for vurdering av behov for å innhente ekstern kompetanse i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt*
3. *Sørge for at det vert tydeleggjort korleis rapportering i investeringsprosjekt skal innrettast,*

under dette konkretisere kva forhold og hendingar i prosjektet det skal rapporterast om, samt korleis og når rapporteringa skal utførast.

4. Sørge for at det vert utarbeidd skriftlege rutinar for sentrale arbeidsoppgåver og aktivitetar knytt til planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, under dette rutinar for:
 - a) utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for val av investeringsprosjekt som også omfattar vurdering/analyse av usikkerheit og risiko i prosjekt,
 - b) kvalitetssikring av avgjerdsgrunnlag for val av investeringsprosjekt,
 - c) å definere skriftlege mål for investeringsprosjekt
 - d) gjennomføring av risikovurderingar i investeringsprosjekt knytt til mellom anna kvalitet, framdrift og økonomi,
 - e) utarbeiding av kvalitetsplanar
 - f) utarbeiding av kontraktsstrategi og gjennomføring av risikovurderingar knytt til val av entreprisreform,
 - g) kvalitetssikring av anbudsgrunnlag og kravspesifikasjon i anbuds konkurransar,
 - h) kontraktsoppfølging,
 - i) økonomistyring, og
 - j) handtering av endringsmeldingar
5. Sørge for at rutinar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt blir nytta i alle prosjekt i samsvar med intensjonen.
6. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet innan 1.februar, om korleis vedtaka vert fullt opp, når tiltaka vert sett i verk og kven som har ansvar for iverksettinga.»

Kontrollutvalet skal handsama handlingsplanen i møte 10.02.2022.

6.2 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av desse.

Forvaltningsrevisjon av internkontroll og vedtaksoppfølging

Kontrollutvalet bestilte i møte 09.05 2019 forvaltningsrevisjon av internkontroll og vedtaksoppfølging. Kontrollutvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i møte 20.02.2020, innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

«Innstilling:

Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at det blir etablert og tatt i bruk felles system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming
 - c.) Rapportering til politiske møte
2. Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette
 - a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet
 - b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte
3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.

4. Sørge for ein god avviksmeldekultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.

5. Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.

6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.

7. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen, og oppfølging av denne, i møte 15.04.2021, 29.09.2021 og 02.12.2021. Dette vart vedteke frå møte 02.12.2021:

«Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll, men at det framleis står att litt arbeid
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte i kontrollutvalet 10.02.2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan 20.01.2022.»

Forvaltningsrevisjon innan busetjing og integrering av flyktingar

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjonen i møte 15.02.18 og endeleg prosjektplan vart godkjent i møte 12.04.2018. Kontrollutvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i møte 07.02.2019, innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

«Innstilling:

Kommunestyret ber om at rådmannen:

1. Formaliserer og systematiserer arbeidet med burettleing og rettleing i bustadkarriere ytterlegare gjennom kommunale planar og rutinar
2. Sikrar at det blir gjort ei konkret vurdering av behovet for grunnleggjande kvalifisering før tildeling av introduksjonsprogram, og at vurderinga blir dokumentert
3. Sikrar at det innan tre månader etter busetting eller etter at krav om deltaking i introduksjonsprogrammet blir framsett, føreligg ein individuell plan som stettar minstekrava i lova
4. Sikrar at vurderingar som er gjort i samband med utarbeiding og evaluering av individuell plan i større grad blir dokumentert, slik at både samanhengar mellom mål og tiltak, og status for gjennomføring og måloppnåing blir tydeleggjort, samt at det i større grad blir tydeleggjort at deltakaren har bidratt i utarbeiding og evaluering av individuell plan
5. Sørgjer for at arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kompetanse innan arbeid med flyktingar og integrering blir synleggjort i kompetanseplanar
6. Lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga»

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte 19.05.2021. Dette vart vedteke frå møte:

«Kontrollutvalet vel å lukke saka og takkar for det arbeidet som er lagt ned.»

7 Arbeid med eigarskapskontroll

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap og kommunen si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 6 framfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

7.1 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for eigarskapskontroll som vart handsama i kommunestyret 28.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.»

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp under prioritert prosjekt:

1. Eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS
2. Eigarskapskontroll av Bømlo vatn og avløpsselskap AS
3. Eigarskapskontroll (overordna)
4. Eigarskapskontroll av Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS
5. Eigarskapskontroll av Krisesenter Vest IKS
6. Eigarskapskontroll av Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
7. Eigarskapskontroll av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Det er ikkje bestilt eigarskapskontroll i 2021.

Gjennomførte eigarskapskontroll

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2021, i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

8 Arbeid med rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet gjeldande Bømlo Kulturhus KF og Bømlo kommune.

Bømlo kulturhus KF

Dette vart mellom anna omtalt i uttalen:

«Av rekneskapen for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 1 164 000 dvs. negativ netto resultatgrad på - 15,86 % (Sett opp mot sum driftsinntekter kr. 7.341.000). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølge opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 2,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Sekretariatet har merka seg at disposisjonsfondet har svekka seg frå kr. 1 118 000 i 2019 til kr 192 000 i 2020. Disposisjonsfond utgjør no berre 2,62 % av driftsinntektene. Sekretariatet merkar seg og at føretaket ikkje har langsiktig gjeld med unntak av pensjonsforpliktelse som er klassifisert som langsiktig gjeld.

Konklusjon

Bømlo kulturhus KF har i 2020 eit driftsresultat som er negativt og eit disposisjonsfond som er svakt.

Det vert difor tilrådd at kontrollutvalet denne gongen omtale dette i uttalen om Bømlo kulturhus KF

sitt årsrekneskap for 2020:

- Rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 164 000
- Netto negativt driftsresultat med - 15,86 %
- Disposisjonsfond med 2,62 %»

Bømlo kommune

Det vart mellom anna omtalt i uttalen:

Av rekneskapan for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 17 459 000 dvs. netto resultatgrad på 1,69 % (Sett opp mot sum driftsinntekter kr. 1 034 769 000). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 2,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Bømlo kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2016 (+ 3,83 %), 2017 (+ 0,36 %), 2018 (+ 2,40 %), 2019 (+ 0,55 %), og 2020 (+ 1,69 %). Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2020 er positivt. Det er lågare enn tilrådingane frå TBU og snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Bømlo kommune har ei lånegjeld i 2020 tilsvarende 82,7 % av sum driftsinntekter, altså litt dårlegare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal for 2019 var 82 %. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 7,4 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Totalt sett har Bømlo kommune alt litt høg lånegjeld etter Riksrevisjonen si tilråding og eit driftsresultat for 2020 som er litt dårlegare enn tilrådinga frå TBU og vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet som i år er på 2,5 %. Det er gledeleg at disposisjonsfondet er over tilrådingane på 5 %.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Det er ei målsetting om at denne bør vere under 5%. I 2020 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 5,00 %.

Kommunedirektør har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2020. På s. 31-33 i årsmeldinga er intern kontroll arbeidet skildra på ein spesiell god måte.

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet

- Netto driftsresultat er på 1,69 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 82,7 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 5,00% av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 7,4 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%»

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Bømlo kommune er medlem i FKT. FKT arrangerar fagkonferansar, samt utarbeidar ulike vegleiarar, bl.a. om «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet». Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

10 Opplæring

Ragnhild Ravna Skjærvik deltok på kontrollutvalsleiaraskolen i 2022. Ragnhild Ravna Skjærvik og Vegard Enerstvedt har meldt seg på folkevaldopplæring for kommunane i tidlegare Hordaland fylke sine kontrollutval, i februar 2022.

11 Kontrollutvalet på kommunen si heimeside.

Kontrollutvalet har hatt sak om dette i 2021 grunna manglande informasjon om kontrollutvalet på heimesida. Dette er no ordna opp i og heimesida gjeldande kontrollutvalet er lagt til rette på ein god måte.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

12 Tilsyn frå Statsforvaltaren.

Når til dømes Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Statsforvaltaren tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredsstillande måte, sender Statsforvaltaren melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har ikkje hatt referatsak om eksterne tilsyn i nokre av møta i 2021.

13 Andre saker handsama av kontrollutvalet

Døme på andre saker kontrollutvalet har handsama i 2021, lista er ikkje uttømmande:

- Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon av Karmsund Havn IKS og eierforhold til kommunale havner og kaianlegg
- Delegasjonsreglementet -orientering frå kommunedirektør
- Eigarskapsmeldinga – orientering frå kommunedirektør
- IT-tryggleik i kommunen – orientering frå kommunedirektør
- Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Forvaltningsrevisjonsrapport
- Årsmelding 2020 for kontrollutvalet
- Budsjet 2022 for kontrollutvalet

Bømlo 10. februar 2022.

Ragnhild Ravna Skjærvik
leiar i kontrollutvalet



Saksframlegg

Saksnr: 2022/67-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 9/22 | 10.02.2022 |

Møteplan 2022 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022:

| |
|------------|
| Dato: |
| 10.02.2022 |
| 28.04.2022 |
| 19.05.2022 |
| 29.09.2022 |
| 01.12.2022 |

Samandrag

I dette møte skal kontrollutvalet vedta møteplan for 2022. Møta må tilpassast ut i frå om sakene skal vidare til formannskapet og kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskap og kommunestyre. I utgangspunktet er det planlagt med 5 møter, men kontrollutvalet vel sjølv ut i frå aktivitet kor mange møter ein må ha.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. Kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Møteplanen for Bømlo kommune for 2022 er lagt inn i tabellen, for møta som er relevante for kontrollutvalet, dersom saker skal vidare til formannskap eller kommunestyret

| Utkast til møteplan for KUV | Aktuelle saker å ta opp: | Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til: | |
|-----------------------------|---|---|---------------|
| | | Formannskapet | Kommunestyret |
| 10.02.2022 | Forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats for barn og unge med særleg behov – forlag til prosjektplan Årsmelding 2021 for kontrollutvalet Oppfølging av handlingsplan | | 02.05.2022 |
| 28.04.2022 | | | 20.06.2022 |
| 19.05.2022 | Uttale til kommunerekneskapen | 09.06.2022 | 20.06.2022 |
| 29.09.2022 | Forvaltningsrevisjonsrapport innan tidleg innsats for barn og unge med særleg behov Budsjett 2023 – for kontrollutvalet | | 07.11.2022 |
| 01.12.2022 | | | 12.12.2022 |

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2022 slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/66-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 10/22 | 10.02.2022 |

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Bømlo kommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastast ned frå heimesida til kommunen under «Politikk– Politisk møteplan».

Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet hadde ei fordeling i møte 28.05.20 (PS 16/20) gjeldande kven som skal ha eit særskilt ansvar for gjennomgang frå dei politiske utvala. Kontrollutvalet vart einig om slik fordeling:

| Politisk organ: | Kontrollutvalsmedlem: |
|------------------------------------|-------------------------|
| Kommunestyret | Arne Zahl Røksund |
| Formannskapet | Vegard Enerstvedt |
| Levekår* | Ragnhild Ravna Skjærvik |
| Næring, invasjon, idrett og kultur | Silje Sivertsen |
| Natur, klima og miljø | Silje Sivertsen |
| Areal og samferdsel | Anfinn G. Tolås |

- * I møte 22.10.2020 vart det bestemt at Ragnhild Ravna Skjærvik tek ansvar for møteprotokollane for levekår, etter at det vart gjort suppleringsval, der Ragnhild Ravna Skjærvik blir ny leiar i kontrollutvalet, og Lene Borgen Waage er ute av kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang:

- Kommunestyret 06.12 og 13.12
- Formannskapet 27.01
- Næring, innovasjon, idrett og kultur 25.01
- Levekår 25.01
- Utval for areal og samferdsel 26.01
- Natur, klima og miljø 27.01

I dette møtet tilrår sekretariatet å gjennomgå møteprotokollane frå møte i desse utvala. Kontrollutvalet bør og vurdere om det er andre utval som kan vere aktuelle for gjennomgang i tillegg til dei som er lista opp i saka ovanfor.

Konklusjon

På bakgrunn av dei erfaringane som er gjort tidlegare er det ei føremon at kontrollutvalet held seg oppdatert på kva som skjer i andre politiske utval. Om det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av møteprotokollane, vert det tilrådd å ta saka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/34-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------------------------|-------------|------------|
| Bømlo kommune, Kontrollutvalet | 11/22 | 10.02.2022 |

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har i sak PS 08/20 - 20.02.2020 - vedteke:

«Kontrollutvalet ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan evt. å få orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.

Fra: Anne-Karin Femanger Pettersen[anne-karin@fkt.no]
Sendt: 17.12.2021 09:28:58
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Tittel: FKT - medlemsinformasjon desember 2021

FKT ønsker alle medlemmer en riktig god jul!

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen
Generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 414 71 166 / www.fkt.no



17. desember 2021

Kjære medlemmer

Inngangen til denne julen har blitt litt annerledes enn det mange av oss hadde sett for seg. Det blir en ny runde med fjernmøter og hjemmekontor for de fleste av oss en tid framover nå. Møter som må holdes for lukkede dører kan igjen gjennomføres som fjernmøter. Departementet har fastsatt en [forskrift](#) som gir et midlertidig unntak fra loven.

De mest observante av dere har kanskje allerede lagt merke til den nye logoen vår. I høst har styret jobbet med ny visuell profil for FKT, herunder ny logo som vi nå bruker for første gang.

Uttrykket i logoen er formell og skal understreke organisasjonen som en seriøs og trygg aktør. Logoen tar igjen initialene i navnetrekket der f og t har tilnærmet lik, men speilvendt utforming. Disse skal gi en subtil assosiasjon til paragraftegnet og til klammer rundt k'en. Ved at de to ytterste bokstavene vender mot hverandre gir det også en assosiasjon til møteplass, dialog og trygge rammer. Dere kan ganske snart se den nye visuelle profilen på hjemmesiden vår.

SEMINAR OG KONFERANSER

FKT er godt i gang med å planlegge vårens aktiviteter. Her er noen smakebiter:

[Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen 10.-11. januar 2022 \(webinar\)](#)

Sted: Teams

Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen bør være sentral for utvalgets dialog med kommunestyret. Derfor er det viktig at uttalelsen ikke blir et årlig ritual med liten informasjonsverdi. Webinaret har til hensikt å gi begrunnede og gode råd om hvordan uttalelsen kan utformes.

Påmelding fra hjemmesiden (lenken over). Vi tar i mot påmeldinger løpende.

[Sekretariatskonferansen 22.-23. mars 2022](#)

Sted: Scandic Lillestrøm

Tema for samlingen:

- Internkontroll og risikovurdering i sekretariatene
- Bør vi normere sekretariatsrollen?
- Håndtering av henvendelser i kontrollutvalget (ny veileder)
- Hva bør etterlevelseskontrollen inneholde for å være dekkende for kontrollutvalget sitt påseansvar?
- Vi har satt av tid til å diskutere ulike problemstillinger som sekretariatene har spilt inn i løpet av året.

Du kan melde deg på fra hjemmesiden. Der er temaene nærmere omtalt.

[Fagkonferansen 8.-9. juni 2022](#)

Sted: Lily Country Club (10 min. med buss fra Gardermoen)

Noen tema for samlingen:

- Kontrollutvalget og gode bestillinger
- Henvendelser til kontrollutvalget
- Rolleklarhet og habilitet i kommunen
- System for varsling i kommunen
- Kommunedirektørens internkontroll

Du kan melde deg på fra hjemmesiden allerede nå. Der er temaene nærmere omtalt.

NYE VEILEDERE

[Personvernrutine for kontrollutvalgssekretariat](#)

Sekretariatene har visse plikter etter personvernregelverket når personopplysninger samles inn og brukes. I høst har FKT derfor utarbeidet en mal som kan være til hjelp slik at sekretariatene kan få bedre oversikt over behandling av personopplysninger. Formålet er å sikre at personopplysninger behandles på en forsvarlig måte.

Vi minner ellers om at FKT tilbyr [Personvernombudstjeneste](#) for kontrollutvalgssekretariat.

[Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning – nå på begge målformer](#)

I forbindelse med webinarer om kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning, har vi sørget for at veilederen finnes på begge målformer.

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / +47 414 71 166 / fkt@fkt.no / www.fkt.no

VEILEDERE SOM KOMMER

Vi tar sikte på å sende to nye veiledere på høring i løpet av vinteren: Veileder for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget og veileder for riskovurderinger i sekretariatene.

Mange av dere har spurt om når departementet vil komme med en ny utgave av *Kontrollutvalgsboken*. Departementet har informert oss om at de planlegger publisering av den digitale utgaven 22. desember. Papirutgaven trykkes på nyåret.

ANNET FAGLIG PÅFYLL

FKT arrangerte Kontrollutvalgslederskolen for andre gang 18.-19. oktober. Tema var varsling, granskning og henvendelser. Her kan du se opptak. [Opptak fra KU-lederskolen](#)

Hør presentasjon av de mest sentrale KOFA avgjørelsene det siste året

Advokat og nemndsmedlem Kristian Jåtog Trygstad, presenterer alt du trenger å vite om de mest sentrale KOFA avgjørelsene det siste året. [De viktigste KOFA avgjørelsene](#)

Generalsekretæren har hatt to innlegg i Kommunal Rapport der uavhengigheten til kontrollutvalget problematiseres: 20.9 2021 [Er det trygt å varsle til kontrollutvalget?](#) og 15.12 2021 [Uavhengigheten og tilliten til kontrollutvalget må ivaretas](#)

STYRET

Styret har hatt møter 18. oktober og 13. desember. Du finner protokollene på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styrets møtekalender for våren 2022 ser slik ut: 1. februar, 21. mars, 26. april og 7. juni

NYE MEDLEMMER

Fra 2022 har vi 214 medlemmer: (186 kommuner, 7 fylkeskommuner og 21 sekretariat)

Med ønske om en riktig god jul!

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær